



# Tryggheimhelsing



Fellesspråket  
Fotball  
s. 4-5



Misjon på  
timeplanen  
s. 6-7



Nytt  
bibliotek  
s. 8-9



## BIOLOGITUR

s. 12

# Rektor har ordet



## Kan løgn verte sanning?

Alle skular i Noreg gjev born og ungdom briller å sjå verda med. Vi formidlar på forskjellige måtar kva som er sant, viktig og meiningsa med livet. Vi ønskjer ikkje å sende frå oss ungdommene med berre rein faktakunnskap – vi ønskjer å sende dei frå oss med noko meir!

### Holocaust

Å sende ungdommene frå oss med noko meir er mykje av tanken når vi sender 150 Vg2-elevar til Polen/Tyskland/Tsjekkia. Også i haust hadde dei ein flott tur med sterke opplevingar. Nytt av året var Stasi-fengselet i Berlin. Det er utruleg kva Hitler fekk folket med på under 2. verdskriga. Folk var blinde for det som skjedde. Såg dei ikkje det grufulle? Eller var dei overtydde om at det var rett? Og korleis kan menneske stille spørsmål i dag: "Var det verkeleg eit holocaust?" Slik kan vi ikkje ta lett på. Det er sagt at viss nokon seier ei løgn ofte nok og lenge nok, så vert det etter kvart ei sanning for folk – men det er framleis ei løgn!

### Verdas 3. fattigaste land

I tida etter 2. verdskrigen tenkte nok folk at dette ikkje kunne skje igjen utan at FN og verdssamfunnet ville gripe inn. I haustferien var eg i Burundi saman med Nærø fotballag, Gutar1995. Vi fekk eit sterkt møte med verdas 3. fattigaste land. Nabolanda Burundi og Rwanda opplevde det verste folkemordet etter 2. verdskrigen på 90-talet. Det var då krig mellom hutuar og tutsiar. Dei snakkar same språk, dei ser like ut, og dei hadde lenge levd i fred og harmoni. Brått vart dei bitre fiendar, mykje basert på løgn og fordommar. Brått brukte dei machetane som dei dyrka jorda med – til å drepe kvarandre. Dei drap naboar og tidlegare vener... På turen til Burundi las eg et sterkt vitnesbyrd om Immaculée i boka

Vitne (Lunde). Ho var tutsi, men vart gøynt av ein hutu. Med livet som innsats gøynde han åtte kvinner inne på eit lite bad i tre månader. Tenk, dette er i vår verd og vår tid! Det er berre 17 år sidan. Historia har lært oss at dette truleg vil skje igjen.

**Israel og jødane - løgn og sanning**  
Går vi 70 år attende, minnes vi eit folkeslag som systematisk vart krenka og forsøkt uteyttet av Europa med nazi-Tyskland i spissen. Millionar vart drepne. Det var ei krenkande hending utan sidestykke i historia. Dette var grunna i løgn, antisemittisme og ein ideologi om at jødane var ein eigen rase som burde uteyttast.

I november var nokre skulefolk på visningsetur til Israel med Sabra Fokus. Tryggheim var og representert med to tilsette. Ørken og sand har vorte til eit frodig land med eit mangfold av frukter og eit imponerande landbruk. Men slikt kjem ikkje av seg sjølv. Gjenbruk av vatn, vatningsanlegg og planting av 230 millionar tre sidan 1948 er noko av det som ligg bak.

Det var vidare sterkt å vitja Yad Vashem – minnesmerket over falne jødar under 2. verdskrig. Danmark gjorde ein tapper innsats for å berge jødane. Elles har nasjonane lite å rosa seg over frå denne tida. Allereie i 1942 kom det kläre meldingar om massakrane i Europa både frå hjelpearbeidarar og journalistar. Ingen reagerte i Vesten. Aviser

og radiostasjonar visste om dette, men dei var forunderleg tause.

Framleis slit Israel med at heile sanninga ikkje kjem fram i media. Arabarane aksepterte ikkje FN sine grenser for Israel i 1948. Dei gjekk difor til åtak. «Dette vert ein uteyttendskrig. Dette vert ein avgjerande massakre», sa generalsekretæren Assam Pasha i Den arabiske ligaen. Det var ikkje hjelp å få frå britane.

Har dette endra seg? Vi lever trass alt i ei opplyst tid med moderne demokrati. Nei, dessverre – det vert framleis snakk om palestinsk-arabiske område som skal verte jøde-reine. Nokre kjempar for at heile Judea og Samaria skal vere "Judenrein". Ordet er frå nazi-terminologien og gjev assosiasjonar til Hitler. Det har vore val i Egypt. Parallelt med demokrati og fredagsbøn i moskéen kjem eit rop om folkemord mot alle jødar i verda. «Dagen skal kome då vi skal drepe alle jødar. Heile Egypt er klare for jihad» (Dagen, 29.11.11). Arabarane har tapt mange krigar, men dei kan trekke seg tilbake. Israel kan ikkje tape ein – for då er det over. Det omtalte sikringsgjerdet (20% mur og 80% netting) som fysisk deler enkelte område, har fått mykje kritikk. Men det burde samstundes kome fram at sjølvmordsbombinga har vorte redusert med ca. 95% etter dette tiltaket. Gjerdet har spart mange uskuldige liv.

Ein tur til Israel har mykje å by på. Her er mykje å lære. Kanskje kan dette verte eit tilbod parallelt med den store Vg2-turen til Tyskland/Polen/Tsjekkia?

### Sanning i går, sanning i dag

I førre bibelgruppe tala vi om sanning.  $2 + 2 = 4$  er ei sanning som ikkje endrar seg. Slik er det og med Gud. Han er sanning. Han er uforanderleg. Salme 119,89: «I all æve, Herre, står ditt ord fast i himmelen». Salme 119,160: «Summen av ditt ord er sanning, dine rettferdige lover varer evig». Vi må framelske sanninga.

# Ein Porsche til jul

*Ein påstand, som er på grensa til eit faktum:*

*Det er kjekkare å gi enn å få.*

Skal du tenkje egoistisk (slik eg som oftest gjer), bør du dermed gi så mykje som mogeleg. Tenk om du dette året i staden for dei spenstige slipsa og dei innfløkte brettspela kunne gitt vene og familie ein Porsche i julegåve. Aller helst ei raud sportsutgåve, med skinnsete og ekstra mange hestekrefter under pansen. Det hadde vel vore noko?

Kva om du i tillegg kunne gå frå dør til dør i nabologat og fortelje alle naboane dine at dei også skulle få akkurat denne bilen frå deg? Ikkje nok med det, du ville også gi alle kollegaene dine, sjefen din og klassekameratane den same gåva. Du ville til og med gitt gåva til folk du ikkje kjenner. Då tenkjer eg me snakkar om ein populær julebodskap. Du hadde blitt ein gledesspreiar. Og hugs: Det er som kjent kjekkare å gi enn å få.

Du har sikkert allereie teke poenget mitt: Ein som trur på Jesus har allereie ei slik gåve å dele ut, ei gåve som er meir kostbar og som varer mykje lenger enn nokon av Porsche-modellane. Del trua di, del Jesus! Du kan gi denne gåva til kven som helst. Du kan til og med vere med på å gi dei som bur på andre sida av jorda ei slik gåve.

Men misjon har vel ikkje noko med juleevangeliet å gjøre? Det gir vel ikkje akkurat julestemning å høre om dei unådde langt ute i den tørre bushen i Afrika?

Misjon og jul heng nøye saman. Gud, som er heilag og utan feil, valde å ta eit LANGT steg ned for å bli noko så enkelt som eit menneske. OK, eit menneske er verdifullt og innfløkt, men samanlikna med den allmektige Gud blir me enkle. Og veldig syndige. Likevel var Gud villig til å dele gener med oss. Som om ikkje det var nok, gjekk han vidare inn i døden og gav seg sjølv for oss på korset.

«For det er éin Gud, og éin mellommann mellom Gud og menneske, mennesket Kristus Jesus, han som gav seg sjølv til ein løysepenge for alle, eit vitnemål i si tid.» (1. Tim 2:5-6)

Snakk om julegåve! Jesus ga seg sjølv til heile verda, og det er mi og di oppgåve at alle skal få det same tilbodet som me har fått. Naboen din, kollegaene dine og dei som lever under den steikande sola i Tanzania - alle må få høre om Jesus.

La det bli julegåva di i år.



Knut Reier Indrebø



# Fellesspråket fotball



Reiselystne fotballgutter. Fra venstre Jan Tore Rugland, Thomas Eggebø og Asbjørn Apeland

**Fotballaget til gutter født 1995 fra Nærø idrettslag gjennomførte fra 7. til 17. oktober en reise en del utenom det vanlige. Destinasjonen var ikke England, Spania eller Italia for fotballinteresserte ungdommer, men eksotiske Burundi i Øst-Afrika. Blant reisefølget på 25 personer var både elever og ansatte fra Tryggheim videregående skole.**

Burundi er et lite land på størrelse med Hedmark fylke. På tross av størrelsen bor det om lag 10 millioner mennesker der fordelt mellom folkegruppene hutu og tutsi. I dag lever de i relativ harmoni, men det har vært flere bitre og blodige konflikter mellom dem opp gjennom tidene, senest i 1994. I en levekårsundersøkelse utarbeidet av FN, som nylig ble gjengitt i Stavanger Aftenblad, ble det slått fast at Burundi er verdens tredje fattigste land. Til sammenligning ble Norge igjen plassert på toppen over verdens rikeste land. Kontrastene er store og mange. En kan jo på bakgrunn av dette undre seg over hva som gjorde at et fotballag fra Nærø stanset opp for akkurat dette reisemålet?

Jan Tore Rugland (1EL b), Thomas Eggebø (1ELa) og Asbjørn Apeland (1ST b) blir engasjerte og snakkesalige når de skal hente frem minner og inntrykk fra turen til det afrikanske kontinentet. En fjerde elev, Fredrik Melhus Åmodt (1BA b), var også med på turen, men han var ikke til stede under intervjuet. Av skolens ansatte fikk også rektor Gjermund Viste oppleve Burundi på nært hold, men denne gangen reiste han i kraft av sin rolle som far til en av guttene på laget. Det som begynte som en spøkefull kommentar, endte opp i en uforglemmelig reise der fotballen ble fellesnevner og virkemiddel for vennskap på tvers av landegrenser. Det viste seg at det allerede eksisterte et vennskapsbånd mellom Hå kommune og et område i Burundi som kalles Butanganzwa. Laget fikk utfyllende informasjon fra burundiske Japhet som til daglig arbeider i Hå kommune, og som fungerer som tilknytningspunktet mellom Butanganzwa og Hå. Han ble med på turen som tolk, reiseleder, guide og kjentmann. Spillere, ledere og foreldre var ivrige og positive og ville prøve å virkelig gjøre turen. «Foreldrene var overraskende lite skeptiske,» humrer Asbjørn.

En reisekomité begynte det møysoommelige



"Ebony and ivory live together in perfect harmony"

arbeidet med planlegging av turen. Økonomi var den største utfordringen i startfasen siden det ville koste hver deltaker over 12 000 kroner å være med. Gjennom dugnad og sponsorer ble dette beløpet redusert til en egenandel på spiselige 4500. Kreativiteten når det gjaldt å samle inn penger var nesten like stor som dugnadsånden. «Vi deltok på varetellinger, samlet inn 750 brukte mobilier og arrangerte sponsorløp og basar. I tillegg mottok noen av oss vareprøver fra Tine og Fjordland hvor vi skulle spise en vare som de vurderte å ta inn i sortimentet sitt, for så å fylle ut et spørreskjema hvor vi ga tilbakemeldinger om maten» sier Jan Tore, mens han klapper seg på magen. Hå kommune gav sitt bidrag til turen. Det samme gjorde radiokanalen P4 som delte ut et beløp øremerket idrett til et spesielt formål basert på muntlig søknad i et innringningsprogram. Treneren til laget fra Nærø slo på tråden, presenterte sitt prosjekt og vips ble 10.000 overført til reisekassen. Totalt sett utgjorde sponsormidler og dugnad tett på 300.000 kroner.

I tiden før avreise ble det samlet inn drakter, shorts og sokker fra idrettslag i kommunen. Dette skulle overrekkes til ungdommer i Burundi. Sportsbutikker donerte villig t-skjorter, fotballer og ballpumper. Ballonger, reflekser og ryggsekker var annet utstyr på gavelasset. Hver passasjer hadde etter reglene lov å ta med seg to kolli à 23 kilo på flyet sørover. Den enkelte i gruppa fra Nærø pakket en koffert til seg selv, mens den andre ble fylt opp av gaver. «Til sammen hadde vi med oss et halvt tonn utstyr til veldig formål i Burundi», slår Gjermund Viste fast.

Reisefølget fra Jæren tiltrak seg mye oppmerksomhet under besøket sitt i det afrikanske landet. Fjernsynet laget flere reportasjer om fotballaget fra Norge, og spil-

erne fikk hilse på presidenten, ministre og ordførere. På landeveien fikk de politieskorte på 90 prosent av strekningene, og de spiste med den norske ambassadøren i Burundi. «Overalt ropte folk «Mzungu», som betyr hvit mann», skyter Thomas inn.

I løpet av dagene i Burundi spilte guttelaget fra Nærø 4 fotballkamper mot lokale lag. «Ikke spør om resultatene,» sier Jan Tore før bortforklaringene for tapene kommer på rekke og rad fra alle tre. «Det var varmen,» mener Asbjørn. «Det skyldtes høy luftfuktighet», forklarer Thomas. «Jeg tror høydeforskjellen spilte oss et puss», hevder Jan Tore. Til sist blir alle enige om at det var den store aldersforskjellen som ble utslagsgivende for sluttresultatene. Et morsomt poeng som illustrerer at verden ikke er stor, var at et av lagene de skulle spille mot, stilte i Riska Fotballklubb sine drakter. Trøyene stammet fra et tidligere hjelpearbeid.

Guttene på Tryggheim forteller at de reiste en del omkring i det lille landet og opplevde blant annet å overvære et prosjekt som Japhet driver, hvor grunnsteinen til en ny helsetasjon ble lagt ned. Det som gjorde størst inntrykk på Jan Tore og Asbjørn, var å bli møtt av en trommehoppsvisning da de ankom vennskapsbyen Butanganzwa. «Det var helt enormt. Trommelyden kunne høres på en god kilometers avstand», sier de opprømt. Thomas på sin side husker best stemningen fra fotballkampene. «Under ett av oppgjørene var det flere tusen tilskuere som stod tett på banen da vi spilte. Mange blant publikum stormet banen da det lokale laget scoret. Små barn slo saltoer bortover banen i glede. Det var helt vilt», ler Thomas.

15-åringene fra Nærø ble imponert over språkmektige burundiske ungdommer som behersket både fransk og engelsk til tillegg til swahili og kirundi. «Slike oppdagelser er vik-

# Delegasjon frå Tryggheim til Stortinget



Trommeoppvisning i Butanganzwa.

tige med tanke på erfaringer av språklæring og nyttverdien av å lære seg språk på skolen», sier Gjermund og peker på at kommunikasjonen mellom ungdommene gikk knirkefritt. Det som imidlertid ikke var like enkelt, var å forstå afrikanernes forhold til tid. Festmåltidet som var fastsatt til klokka sju på kvelden, begynte ikke før alle var på plass klokka halv ni. Ting tar tid i Burundi. Trafikken var et kapittel for seg, både kaotisk og farlig. Reiselederne brukte tid på å advare og forberede 15-åringene på hva som ventet dem på veiene. Gruppa fullførte turen uten uhell, heldigvis.

De 25 på reisefot grep en spontan anledning til å besøke en skole under oppholdet. Klassen de fikk komme inn til, bestod av 93 (!) elever. Det ble en god dialog mellom to forskjellige kulturer basert på spørsmål og svar. Under disse samtalene kom det frem at en burundisk elev i klassen måtte gå to mil for å komme til skolen, for så å gå samme distanse hjem igjen. Eleven fikk, nærmest på sparket, en sykkel i gave finansiert av midler fra turen. «Faktisk gikk vi 40.000 kroner i overskudd da vi gjorde opp status etter hjemkomst. Denne potten ble delt i to. Japhet og hans helseprosjekt fikk den ene halvdelen av overskuddet, mens idrettsministeren fikk den andre halvparten til et prosjekt med siktemål om å dele ut fotballer til barn og ungdom i hjemlandet», utdypet Gjermund. Fotball kan være et verktøy for å bringe forsoning mellom folk, både over landegrenser og innad i befolkningen «Akkurat det betyr langt mer i forhold til hjelpearbeid enn det vi hadde med oss av utstyr i bagasjen» avslutter Viste.

Guttene i gymsalen på Tryggheim er tilbake til hverdagen på Nærø etter en fantastisk reise til fjernere himmelstrøk. Ute herjer «Berit», og høsten har for alvor festet grepet om Jæren. De tre kameratene er glade for at Tryggheim la forholdene til rette slik at de kunne delta med laget sitt til Burundi. I tillegg til alle minnene og opplevelsene underveis, fikk de også med seg en dypere erkjennelse av fotballen som brobygger for gjensidig vennskap og forståelse uavhengig av landegrenser og kulturelle motsetninger.

Kjartan Håland



Gjermund Viste i samtale med lokalbefolkningen



Stor interesse for guttelaget fra Nærø



Burundisk natur



Initiativtakar Ruben Bakke overrekker underskriftene til Marianne Aasen (Ap), leiar i Stortingsets kyrkje-, utdannings- og forskingskomité. Elles på biletet frå v.: Aksel Hagen (SV), Bente Thorsen (FrP), Svein Harberg (H), rektor Gjermund Viste, elev Kathrine Kristiansen, Dagrun Eriksen (KrF) og foreldrerepresentant Arvid Skåland. Foto: Ole Andreas Husøy, KPK

Auke av driftstilskotet til friskolane frå 85 til 90 prosent. 50 prosent husleietilskot, mot ingenting i dag. Desse krava har skoleeleven Ruben Bakke fått 4000 underskrifter på. Torsdag overleverte han underskriftene på Stortinget.

Ruben Bakke er tidlegare elevrådsleiar ved Tryggheim vidaregåande skule i Rogaland. Han meiner forskjellsbehandlinga mellom offentleg skole og friskolar er for stor. Difor tok han initiativ til ein underskriftaksjon på nettet. Saman med Ruben fekk ein annan tidlegare elevrådsleiar ved Tryggheim, Kathrine Kristiansen, skolens rektor Gjermund Viste og foreldrerepresentant Arvid Skåland møte representantar for kyrkje-, utdannings- og forskingskomitéen på Stortinget. Både Ruben og Kathrine seier at når ein vel å gå på ein friskole, fører det som regel til større motivasjon og lærerlyst hos elevane. Dei rosar også miljøet ved skolen. I oppropet heiter det at dagens tilskotsordning medfører pressa økonomi og blant anna utsetting av nødvendig vedlikehald av bygningsmassen. Auka krav til undervisning, lærartettleik og dokumentasjon gjer ikkje dette enklare.

Dei seier siktemålet med aksjonen er å redusere den eigendelen elevane må betale for å gå i private skolar, slik at friskolane skal vere tilgjengelege for alle, og at husleietilskotet vil legge grunnlag for betre vedlikehald av skolane.

Komiteleriar Marianne Aasen (Ap) sa ho sette pris på at elevar engasjerer seg på denne måten. Ho sa at det er sider ved tilskotsordninga ein no vurderer å justere. Aksel Hagen (SV) sa at hans parti synest 85 prosent er ein passande tilskottssats, men at det er ting som tyder på at ikkje alle utgifter som burde vere med i tilskotsgrunnlaget, er tekne med.

Bente Thorsen (FrP), Svein Harberg (H) og Dagrun Eriksen (KrF) tilhøyrer tradisjonelt friskolevenlege parti. Dagrun Eriksen seier at ho opplever at regjeringspartia no har ei meir open haldning enn før til å rette opp urettferd i tilskotsordninga. Opposisjonen håpar den meir opne tilnærminga hos regjeringspartia også resulterer i konkrete endringer.

Av Ole Andreas Husøy Kristelig pressekontor i «Nyheter fra Utsyn», Utsyn – [www.nlm.no](http://www.nlm.no)

# Misjon på timeplanen



Sjølv søppelpukkarar må ta seg ein matbit. Her ved Husveg utanfor Varhaug.

Kva har kunstmåling, søppel og grøftegraving med misjon å gjera? Ein heil del, skal ein tru elevane på Tryggheim ungdomsskule.

Tre oktoberdagar til endes var misjonsarbeid i Kina på ulike vis i fokus på Tryggheim ungdomsskule, der føremålet var både å gi og få. Elevane skulle få kunnskap og kjennskap til misjonsarbeid, og samstundes var dei sjølv med på å gi pengar gjennom ulike aktivitetar. Nokre elevar grov grøfter i skogen og fekk pengar for det, andre rydda strendene for søppel og skaffa inntekter på det viset.

Mange av aktivitetane handla også om å førebu sjølve finalen for misjonsveka: Ein heidundrande misjonsfest der både lærarar, foreldre, nabobar og andre kjenningar fekk høyrá og sjå elevar i aksjon. Dei fekk også testa givargleda si både gjennom utlodding og sal av mat, kunst og handverk laga av elevane.

- Det var ikkje så vanvittig kjekt å plukka søppel, men resten av misjonsveka har vore gild. Det er bra at me kan vera med på å hjelpe menneske som ikkje har det så greitt, seier Randi Skårlund, elev i niande klasse.

Målet er at misjonsveka – saman med ein arbeidsdag tidlegare på året – skal føra til at minst 180.000 kroner blir sendt til dei to misjonsprosjekta. Det eine prosjektet vert kalla "Hope Henan", og er eit prosjekt for HIV/Aids-råka born i Sentral-Kina, medan det andre prosjektet dekker mange ulike felt; stønad til kinesiske kyrkjer, stipendprogram til teologistudentar, litteratur, kurs for framtidige leiarar i kyrkja og stønad til opplæringsenteret i byen Nanyang.

Knut Reier Indrebø



Bjørkekistar kan bli fin veggpryd. Rasmus Pollestad dy var ein av dei som la fram hjarta sitt til sal under misjonsfesten ...



Sigrid Fossen lever seg godt inn under øvinga til danseopptrinnet på misjonsfesten.



Eit kunstverk blir til. Her er det Alexandra Bjorland Knudsen og Karoline Håland som får brukt sine kreative evner.



Eivind Veen Høien gjer seg klar til reinsking av grøfter i Sveineskogen.

# Leirskule



Turen ned Otra er for mange høgdepunktet på leirskulen.



Bålkos høyrer med!

# dikt

## Ode til leirskulen

Den «naisaste» klassen på Jæren,  
pluss to damer og ein skikkeleg sær ein,  
hadde hørt eit stygt rykte  
og begynte å frykte  
at leirskule var verre enn hæren

Det var streng disiplin. Det var hardt.  
Men det endra seg litt etter kvart.  
Sjefen smelta nok litt  
då dei grov fram pyritt,  
men det beste var rafting og gokart.


Då sjefen sa dei måtte «chille»  
var sjølvsagt alle SÅ snille.  
Med rosignal elleve  
og tidleg revelje  
vågde INGEN å springe ute om natta!  
(Her var det noko som ikkje rimte...)

Som de skjønar: Det er 'kje problem  
å dra på tur med «crème de la crème»  
De er ein gjeng som tar kaka.  
Takk at me òg fekk smaka  
De er sanneleg verd eit poem.

Helsing lærarane på 9. trinn

# Frå blindtarm til

## "Før"



Biblioteket på Tryggheim har denne hausten opplevd eit hamskifte av formidable dimensjonar. Dersom nokon ved denne første lina skvett tilbake og tenkjer «Kva? Biblioteket...?» Har det vore bibliotek på Tryggheim, då?» bidreg reaksjonen din berre til å understreka innhaldet i denne saka. For ja, Tryggheim har då hatt Bibliotek, slik ein kvar vidaregåande skule med respekt for seg sjølv skal ha. Problemet er berre at det har vore vanskeleg å finna for ein som ikkje i det daglege er rusta med kart og kompass, lys og lykte. Nede i kjellaren under Sørheim, med inngang upraktisk vend vekk frå tunet, nærest som ein antitese til omgrepets universell utforming, har biblioteket hatt tilhald fram til haustens omlegging. Bibliotekarane legg ikkje skjul på at det var godt å få både bøker og arbeidsstad opp i lyset. Tilveret som kjellarmenneske går frå å vera ureigt til uuthaldeleg ettersom åra går og ikkje eingong Oddgeir Bruaset ringjer og slår frampå om han kan få laga bibliotekversjonen av det populære programmet sitt; «Der ingen skulle tru at nokon låner bøker». Slik lyssky lokalisering er jo heller ikkje noko som får vitjings- utlånsstatistikk til å sprenga eitkvart diagram. Mykje godt og gjævt kan sjølv sagt seiast om det stille, løynde livet, men for biblioteket er det avgjerande å koma opp og fram. Så får heller det kontemplative koma som ein bieffekt av bøkene som heretter sirkulerer friskare i systemet. I alle fall til e-bøkene tek heilt overhand og ein, som bibliotekaren påpekar, igjen kan arealeffektivisera ved å nyta det nærmeste bøttekottet som bibliotek. Når den omlegginga kjem, skal me sjølv sagt koma attende med meir.

I følgje bibliotekar Kjell Aage Nielsen, som i haust har gaida nye førsteklassingar og andre skodelystne rundt i den nye luftigheita, responderte marknaden nokså kontant på omlegginga. «Ein merka det på utlånstala med ein gong», seier Nielsen, og ser alt no at biblioteket på ein heilt annan måte samlar folk når det ligg som nærmaste nabo til kantina der mange elles oppheld seg. Biblioteket er blitt som eit hjarte i skulen. Tanken på å låna ei bok lokkar nok hakket meir når det i framtida ikkje lenger inneber ein ekspedisjonsliknande ekskursjon til den nemnde kryssinga av bunkers og blindtarm under Sørheim.

Målt i kvadratmeter snakkar ein her ikkje om den store utvidinga, men det spelar ei underordna rolle når ein kjem dit som gjest og låntakar. Mørke krikar og krokar som stal areal er eit tilbakelagt stadium,

## "Etter"



Ein nögd Øyvind Økland (2BTa) ved inngangsdøra til det nye biblioteket ved skulen



og i dei nye lokalra får ein utnytta plassen ein faktisk har til rådvelde på ein heilt annan måte. Dermed ligg alt til rette for ei god låneoppleveling for den som vil. Her er svært fleksible opningstider (med nøkkelskilt på kveldstid kan ein låna heilt fram til kl 23), tilgjengeleg skrivar og skanner, plass til å setja seg nedpå i ein travel kvardag og nye og gamle bøker innan ei lang rad ulike sjangrar. Her er altså få argument att for å unnlata å auka den kulturelle kapitalen, nett no er det einaste eg kan koma på, møbelkvaliten i sitjegruppa; ein god kultursnobb krev helst ein klassisk Chesterfieldsofa for å stø opp om strevet etter djupare innsikt i litterære irrgongar. Då er bibliotekar Anne Fløyvik raskt på pletten med den spesielle forstånga og empatien ein berre finn hjå bibliotekarar for denne typen problemstillingar. Ho kan trøystande forsikra om ei snarleg føreståande oppgradering også av sitjekomforten i bokhjarta. Dermed står ei enkel erkjenning att: Det er ikkje lenger nokon grunn til ikkje å bli klok på bok på Tryggheim.

Sofie Braut

# hjarte

# Inspirasjon og fellesskap



Endeleg er ventetida over for bibliotekarane Anne Fløysvik og Kjell Aage Nielsen. Lærar Steinar Osaland er mellom dei fyrste som tek nyvinninga i bruk.



Gjermund Viste og Sidsel Andersen i komiteen hadde lagt ned mykje arbeid i å legge alt til rette for ei innhaldsrik og meiningsfull samling for kokkane så vel som naturfaglærarane og rektorane.

Tilsette frå dei ni NLMvgs-skulane samt nokre frå samarbeidsskulane var samla til kurs på Tryggheim 3.-5. november. Rundt rekna 360 personar frå Nordborg i nord til Drottningborg i sør møttest for å få nye perspektiv på kvardagen i den kristne friskulen. Heile spekeret av tilsette, frå vaktmeistrar og lærarar til kontorfolk og internatarbeidarar, folk i alle aldrar, var samla. Programmet var tett med avdelingsmøte og foredrag. Store kapasitetar frå inn- og utland var henta inn som foredragshaldarar, og forsamlinga létt vel over det dei høyrdde. Å sjå den enkelte med kristne auge og ta det kristne menneskesynt på alvor i internat og undervisning var sentrale emne. Sjølv det å pugge sterke verb på eit framandt språk er noko ein gjer for å kunna møta medmenneske på ein god måte. Vi fekk mykje å ta med tilbake til vår eigen skulekveldag.

Fellessamling for dei ni kristne vidaregåande skulane er heilt nytt. Tidlegare har NLM hatt jamlege regionvise kurs for skulane i Sør-Noreg, men dei nordlegaste, Val og Nordborg, har ikkje hatt eit slikt tilbod. Det var verdifullt å møtast for å dela erfaringar og få ny inspirasjon. Praten gjekk lett frå første minutt, og venskap og fellesskap prega samlinga. Personale frå Tonstadli sytte for at vi fekk alt vi trong av mat og drikke og vel så det. På møtesamværa stilte Kongshaug med orkester og songarar, tok fellessongen til nye høgder og gledde oss også med solonummer.

NLMvgs har dei to-tre siste åra vore ei fellesnemning på dei ni skulane. Det betyr mellom anna felles marknadsføring. Nokon gav, rett nok med humoristisk snert, uttrykk for at det var ein barriere å komma over når ein no måtte reklamera også for dei andre meir eller mindre konkurrerande skulane. Lått og løye gjekk hand i hand med det alvorlege, og gav oss uforgløymelege stunder til oppbygging for ånd og sjel. Fleire gonger vart vi minna om at vi som arbeider blant ungdom på ein kristen friskule, er ein del av eit stort og viktig arbeid. Vi høgga kanskje stein biletleg tala, men byggjer eigentleg katedral. Å sjå det store i det små gjev himmel over kvardagen.

Bjørg Topnes



Sjølvforsyning i kantina. Personale frå Tonstadli sytte for rikeleg med god mat.



Linda Espenik, Lundeneset, og Aud Torunn Sirevåg, Tryggheim, nyt middagen som denne dagen var steik med godt tilbehør.

# Utvekslingstur til Tyskland

Denne eventyrreisen startet i vår, i en av tysktimene med Kirsten Gausland. Den eneste forskjellen fra alle de andre tysktimene var at Kirsten hadde med en brosjyre med informasjon om et slags utvekslingsprogram. Hun hadde mange flotte ord å si om opplegget. Beate ble engasjert og fikk overbevist Eline om at dette skulle vi søke på. Som sagt, så gjort! Etter mange e-poster på tysk og norsk satt det torsdag 22. september to spente Tryggheimelever på Sola flyplass.

Reisen ned til Düsseldorf gikk utrolig bra. På det siste flyet til Düsseldorf satt vi sammen med flere av de andre vi skulle være med de neste dagene. Da vi gikk av flyet, startet en helt uforglemmelig helg. Vi fikk utrolig mange nye opplevelser og utfordringer. Vi delte rom med hver vår tysker. Dette var det litt delte erfaringer med, men det gikk stort sett greit. Stemningen på hotellet var utrolig. Folk var ikke på noen måte vanskelige å snakke med, om de var norske eller tyske, hadde ingenting å si. Vi snakket tysk og norsk om hverandre, og Beate avsluttet turen med å tenke på tysk! Forståelsen ble utrolig mye bedre, og hadde vi fått noen dager til, vil vi tro at språket også kunne kommet seg noen hakk.

Vi må også fortelle litt om alt det vi fikk gjort. Vi hadde en "workshop" hvor vi valgte teater, sikkert det laresta valget vi gjorde på turen. For etter presentasjoner om utdanninger, energi, hvordan studere i utlandet, stipend, osv. var det fint å slippe seg løs. Vi kunne løpe, synge, danse, skrike, improvisere, ja, rett og slett bruke kroppen. Og det fineste med dette var at det var INGENTING som var dumt, eller som du ble sett rart på for å gjøre. Det var også mange andre grupper, f.eks. kor, avis, film, tegneserier, fortelling og kampanje. De fleste virket ganske fornøyde med gruppene sine.

Tryggheimhelsing ønsker alle lesere en velsignet julehøytid og et godt, nytt år!  
«For et barn er oss født, en sønn er oss gitt. Herreveldet er på hans skulder. Han har fått navnet Underfull rådgiver, Veldig Gud, Ewig Far, Fredsfyrste» Jes 9,6



Bytur i Düsseldorf



Det var fullt program hele dagene. Derfor ble den sosiale "snakke-sammen"-biten tatt på sene kvelder og netter. Det var da vi hadde tid. Det var en stemning og en åpenhet blandt folk som ikke kan beskrives, bare oppleves. Selvfølgelig var vi trette etter lange kvelder og netter og tidlige morgener (med god frokost), men det var absolutt verdt det. Vi sitter igjen med en fantastisk

opplevelse, og vi prøver å holde kontakten med noen av dem vi fungerte best med, gjennom Facebook. Med andre ord har denne turen vært helt utrolig, og noe vi vil anbefale alle som har tysk, til å søke på! Vi garanterer at så lenge du selv er åpen for nye folk og utfordringer, vil også din helg bli helt uforglemmelig!

Beate Håland og Eline Gjersdal

## Det viktigste er ikke å vinne, men å delta



Skolelaget i fotball fra Tryggheim. Bak fra venstre Birger Gilje (3ST B), Daniel Nessa Sæther (2ST A), Jarle Thingbø (2ST A), Espen Ingvaldsen (1BA A), Jon Anders Østebro (2BT A), Rolf Auestad (2BT B), Sigmund Salte (2BT B), Alexander Fremmegård (2BT A) og Dan Petter Fylkesnes (2BT B).  
Foran fra venstre: Bjørnar Giljebrekke (3ST A), Ruben Elde (3PB A), Hans Mong (3ST A), Magnar Øygarden (3PB A), Vidar Gjedrem (1ST A), Even Ydstebø (1BA A), Arne Ydstebø (1BA A) og Patrick Weerstand (1BA B). Ikke til stede da bildet ble tatt: Kaptein Martin Hansson Espedal (3ST B)

Årlig arrangerer Rogaland Fotballkrets en skoleturnering hvor videregående skoler fra hele fylket kan melde opp lag til å kjempe om heder, seier og videre avansement på fotballbanen. Den 16. november gikk de innledende rundene av stabelen hvor også Tryggheim var representert med et lag i gutteklassen. På kunstgressbanen på Rosseland møtte de rivaler fra Dalane Vgs og to lag fra fotballgruppa ved idrettslinjen til Bryne Vgs. Det viste seg å bli tøft for

Tryggheims utvalgte, som tapte alle sine kamper og dermed røk hodestups ut av turneringen. Slutresultatene gav nok ikke et helt riktig bilde av kampene, og elevene fra Tryggheim dro hjem med æren i behold etter heroisk, oppfrende innsats og tidvis flott spill. Utfallset av kampene hadde ingen ting å si i forhold til humør og innstilling blant spillerne. Så kommer jo alltid neste år med nye muligheter for å reise kjerringa...

# Tryggheimkalender

## JANUAR

Tirs. 3. Skolestart  
Tirs. 10. – søn. 22. Møteuker

## FEBRUAR

Ons. 8. Tryggheimbasar  
Lør. 11. Foreldredag og Tryggheimbasar  
Man. 20. – fre. 24. Vinterferie  
Man. 27. – fre. 3.3. Leirskole GK

## MARS

Man. 5. – fre. 9.3. Leirskole GK  
Tirs. 13. – søn. 18. Møteuke

## APRIL

Man. 2. – tirs. 10. Påskeferie  
Fre. 13. Tryggheimcupen  
Lør. 14. Grand Prix

## MAI

Fre. 18. Fridag

## JUNI

Fre. 15. Avslutningsfest

# TRYGGHEIMHELSING

### Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)  
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Sofie Braut  
Ingvar Fløysvik  
Bjørg Topnes

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Aud Bodil Voll

Bladet koster kr 100,- pr år.  
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

# Vissste du at...



**Birgitte Skartland (ST 08-11)** og Benjamin Vold giftet seg 18. juni  
**Silje Andersen (HE/PB 07-09)** og Lars Rødseth giftet seg 9. juli  
**Reinert Guren Helgøy (BY/TØ 04-06)** og Maria Gjerde giftet seg 30. juli  
**Kristina Kringlebotten (BU/PB 04-07)** og **Fridtjov Middelthon (BY/TØ 00-02)** giftet seg 17. september  
**Kjell Arne Hebnes (lærer 07-10 og 11-)** og Mette Marie Bommen giftet seg 19. november

**Randi (Tjemsland) Kristoffersen (AF 87-90)** ble sammen med hunden sin, labradoren Å2, dobbelt nordisk mester da kriminalomsorgen arrangerte mesterskap utenfor København i oktober. De fikk førstepremien både individuelt og i lagkonkurransen der de deltok på det norske laget. Randi har flere ganger vært på Tryggheim med hunden sin, og bl.a. testet hundens ferdigheter i å snuse seg frem til narkotiske stoffer som er plantet rundt på frivillige elever.

Vi gratulerer med både ekteskapsinngåeler og vel utført arbeid!

Dersom dere kjenner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss melding om det. Send en e-post til aaanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Vi tar både med opplysninger om inngåtte ekteskap og om tidligere elever som har begynt i en bestemt stilling, reist ut i misjonstjeneste eller utrettet noe spesielt. Tips oss!

# Kjære alle 50-årsjubilantar 2011

Takk for sist, alle saman! Det var nokre flotte dagar me fekk ha saman andre helga i august. Fyrst ein hjarteleg takk til dei på Tryggheim som stelte det heile til. Me følte at me verkeleg var velkomne og vart tekne vare på. Dei gjorde alt for at me skulle trivast og ha det godt. Og det gjorde me verkeleg! Tenk å få kome fredag ettermiddag og vere heilt til søndag. Fine rom og herlege senger fekk me òg, eg trur aldri eg har sove så godt på ein ny plass. Alt dette fekk me heilt gratis, det er ikkje til å tru! Heldigvis kunne me få gi ei ekstra god gåve til Tryggheim, og det viste på kollektten.

Så til alle medjubilantar: Det var så uendeleg gildt å treffe dykk alle. Spesielt dei me fekk vere saman med heile tida. De som reiste heim att etter nokre timer, veit ikkje kva de gjekk glipp av. Minnebøker og bilete vart flittig brukte, og dei 50 åra imellom var som heilt borte. Difor vil eg seie til alle som skal jubilere, prøv å sette av denne helga og ver med på alt. De vil ikkje angre på det. Sjølvsgart kan somme vere forhindra frå å kome, men fleire kunne sikkert få det til om dei hadde planlagt i god tid. Eg er så heldig at eg får jubilere på nytt om eit par år. Då håper eg verkeleg at eg treffer mange, mange på det kullet.  
Helsar med orda frå Jes 40,4.

Hjarteleg helsing og ønske om alt godt frå Solveig Rettedal Forseth.

# Har du valgt riktig bank?

Gjennom samarbeidet i KNIF (Kristen Norges innkjøpsfellesskap) har svært mange kristne organisasjoner valgt Sparebanken Plus som sin samarbeidspartner.

Vi kan være din personlige lokalbank.....verden rundt.

Våre fordeler er bl.a. konkurransedyktige priser, personlig kontaktperson og rask beslutningsvei.

Ta kontakt på [www.sparebankenpluss.no](http://www.sparebankenpluss.no) eller telefon 38 17 35 00, så forteller vi mer om hvordan vi kan bli din lokalbank.



# Biologitur til Drottningborg

**Onsdag 31. august til fredag 2. september reiste en gjeng biologi-elever fra Tryggheim på tur til Drottningborg videregående skole, som ligger i Grimstad. Her skulle vi fordype oss i marinbiologi, og det skulle vi gjøre sammen med biologigjengen fra Drottningborg. Vi så frem til en lærerik, og ikke minst sosial tur sammen med bra folk.**

Da klokken ringte ut onsdag, vendte vi straks nesene mot det blide Sørlandet. Turen gikk godt, med unntak av litt forvirring inne i Grimstad by, men før vi visste ordet av det trillet vi inn til Drottningborg. Her ble vi godt mottatt, og vi fikk utdelt steder å sove. Den første kvelden gikk for det meste ut på å komme i stand og å sjekke ut skoleområdet.

Torsdagen ble brukt til båttur, feltarbeid, grilling og mye sosialt samvær. Et par modige sjeler våget seg også ut i vannet for å bade. Vi fikk sneket til oss litt shoppingtid inne i Arendal på kveldstid. Dette gledet mange shoppinghjerter, som fikk svidd av en del penger. Som vanlig sviktet ikke Sørlandet med været, vi hadde strålende sol hele dagen, så noe soling fikk vi også tid til. Fredagen gikk med til feltarbeid, der vi gikk på tur til ulike strender og undersøkte disse. Etter lunsj var vi mette og klare til å ta fatt på reisen hjem.

Turen til Grimstad var en koselig opplevelse, og en glimrende måte å starte skoleåret på. Vi fikk lære mye om marinbiologi, blant annet om ulike arter som lever i havet, og forskjellige typer strender. Den ga oss et innblikk i marinbiologien på en mye mer praktisk og interessant måte enn om vi bare hadde lest om det i boka. Samtidig hadde vi det utrolig morsomt sammen, og jeg vil påstå at vi ble en mye mer sammensveiset gjeng. Med andre ord, en veldig vellykket tur!

Stine Vigrestad, 3BI-elev



En utmerket dag til å studere marinbiologi



Aleksander og Lars Rune vil prøve fiskerlykken



To gode venninner - Stine Vigrestad og Marte Auestad



En tøffing prøver vanntemperaturen - Aleksander Malde



Lærer Geir Tjeltveit instruerer i bruk av hov